

Flotte artiklar om Oska og Festidalen i ferieavis.

22.06.2016



NAM er den svært så passende tittelen på artikkelen om SmakifråOska

Nyleg kom Kvinnheringen si ferieavis i postkassane. Den vert distribuert til alle hustandar i Kvinnherad, Stord, Odda, Jondal, Tysnes og Skånevik. Gjennom artiklar med flotte bilete og tilhøyrande tekst presenterer dei mykje av det Kvinnherad har å tilby på ein flott måte. Opplaget er på 15.000.



Smakfull presentasjon av ein restaurant som bør stå høgt på besøkslista til besøkjande.

Frå Uskedalen har dei dette året valt ut årets storhending Festidalen og den relativt nyopna restauranten ved båthamna, Oska, som dei to sakene som får ekstra profilering. Dette er to naturlege val i sommarbygda Uskedalen dette året.

Festidalen er utan tvil det arrangementet som meir enn noko anna set Uskedalen på kartet og gjer bygda kjend i vide krinsar. Tilbodet til alle aldersgrupper er unikt! Alle dei tilreisande som strøymer til, er det beste beviset på det. Dessutan sveisar det bygdefolket saman, og for utflytta uskedelingar er det eit must å koma heim denne første helga i august. Kvinnheradsfestivalen Festidalen fortener sin plass i sommaravisene kvart einaste år.



Festidalen er ein viktig del av Kvinnheradsferien for mange

I år var det også eit heilt naturleg val å velja restauranten Oska som ligg nydeleg plassert i strandkanten like ved båthamna. Den vil nok verta til glede for mange turistar og fastbuande gjennom sommaren. Etter at den dyktige kokken Roy Lervåg opna restauranten i november, har superlativa florert om smaksopplevingane som vert servert der. Han viser også kreativitet gjennom arrangementa sine i lokala der det no er fotoutstilling av julekortfotografen til Erna Solberg, uskedelingen Inga Tveito. Eg vil sei det slik at dei som besøker Uskedalen i sommar, utan å ta turen innom Oska, har gått glipp av noko stort! I Kvinnheringen si ferieavis er Oska presentert med tekst og smakfulle bilete over 4 sider.

Også andre Uskedalsfirma har sikra seg god profilering ved å annonsera i den fyldige avisa på 56 sider. Det er i hovudsak to dugande fagfolk som står bak den flotte avisa. Jorunn Larsen i Hildring står for det meste av tekst og foto medan Vidar Håland er ansvarleg for layout og design.

Sommarbygda
Uskedalen
- bygda med liv il

OPPUSINGSPLANAR?
- eller skal du byggja nytt?

GÅR DU OG TENKJER PÅ Å SKIFTA TAK,
BYGGJA NYTT BAD, KJØKKEN, NYTT
GOLV, MALA STOVA M.M.

Tu kjem ikkje for ein hyggelig post og for eit
uforpliktande tilbud.

Vi har òg dyktige fagfolk til å gjera jobben for
deg om du trøng det.

BYGGERIET

80 Uskedal Verkstaden - 5863 Uskedal - TEL 53 48 61 51
www.byggeriet.no E-post: uskedal@byggeriet.no

ZJAKK
Løst kjøp
1200-4000 kr. 12.00-16.00. Tors. 10.00-12.00

Valentin
Kjole
1200-4000 kr. 12.00-16.00. Tors. 10.00-12.00

Rabben Føreløser AS
Storste utrang
Kjøkken - Kjøleskapp
1200-4000 kr. 12.00-16.00. Tors. 10.00-12.00

Koseleg butikk
i sentrum av Uskedalen
med blomst og liv anses

Ein julestund med blomst og liv
i alle med fagfolk og lang erfaring. Vi har
1200-4000 kr. 12.00-16.00. Tors. 10.00-12.00

**DRØY
BLØMSTER**

USKEDALEN SPAR

- DIESELSALG
- BENSINSALG
- POST I BUTIKK
- BANK I BUTIKK
- TIPPING
- RIKETOTO

8-22(20)

Uskedalsfirma vert profilert gjennom annonser.

Tekst, avfotografering og nett: Thor Inge Døssland.